

PLAN-ID: 2022003, planomtale

Utviding av næringsareal for Bøfjorden Sag AS



Detaljreguleringsplanen skal legge til rette for strukturering og utviding av næringsarealet til sagbruket som er etablert i Bøfjorden i Surnadal kommune.

Utarbeida av:	3Dsmia, Haugaslettvegen 45 6686 Valsøybotn	Åse Bergset; post@3dsmia.no 99 57 89 22
Oppdragsgjevar/ forslagstillar:	Bøfjorden Sag AS Bølandsvegen 61. 6643 Bøfjorden	v/ Magnus Bøklep post@bofjorden.no 71 66 33 00/95 27 75 22

Plandokument	Dato	Revisjon
Planomtale (dette dokumentet)	16.03.23	
Plankart (A3-plott, 1:1000)	16.03.23	
Føresegner	16.05.23	
Vedlegg 1: ROS-analyse	11.04.23	
Vedlegg 2: Situasjonsplan, (A4-plott, 1:1000)	28.03.23	
Vedlegg 3: Kopi av referat frå oppstartsmøtet		
Vedlegg 4: Kopi av oppstartsmelding, planinitiativ og adresselister		
Vedlegg 5: Kopi av innspel til planarbeidet		
Vedlegg 6: Arkeologisk registrering	Ettersendt	

INNHALD

1.	Om planen og planarealet	2
1.1	Planområdet i dag, eksisterande infrastruktur.....	2
1.2	Gjeldande planar.....	3
1.3	Føringar frå oppstartsmøtet.....	4
1.4	Planen sitt forhold til forskrift om konsekvensanalyse.....	4
1.5	Prosess og medverknad.....	4
2.	Utgreiingar og løysingar i planen.....	5
2.1	Konklusjonar frå ROS-analysen.....	5
2.1	Kulturminneregistreringar	5
2.2	Situasjonsplan for framtidig drift av sagbruket.....	5
2.3	Vegetasjonsbelte langs Settemselva, og andre naturverdiar	7
2.4	Arrondering på tomta.....	8
2.4.1	Grunnforhold og stabilitet ved arrondering.....	10
2.5	Byggegrenser og utnytting av arealet.....	11
2.6	Trafikktryggleik og avkøyrslar	12
2.6.1	Plassering og utforming av avkøyrslene.....	12
2.6.2	Trafikktryggleik	13
2.7	Parkering	13
2.8	Støy.....	13
2.9	Landskap og estetikk, tilpassing til eksisterande arkitektur	14
2.10	Avgrensing av planen, eigedomar og arealdisponeringar	15
3.	Verknadane av planen	15


3.1	Verknadane for naboar	15
3.2	Born og unge	15
3.3	Landbruk.....	15
3.4	Klima og miljø	15
3.5	Biologisk mangfald og naturverdiar.....	16
3.5.1	Vurderinga av planen opp mot Naturmangfaldlova kapittel 2, §§ 8-12	16
3.6	Samsvar med kommunale, og overordna føringar	16
3.6.1	Planen sitt forhold til innspel	17
4.	Samandrag.....	20

1. OM PLANEN OG PLANAREALET

Planarealet ligg på Settemløra i Bøfjorden i Surnadal kommune, sjå figurar under. Målet med planen er å legge til rette for nytt lager og administrasjonsbygg, samt auke lagringskapasiteten for materialar på tomta. For å få utvida næringsarealet har verksemda kjøpt nabo-eigedomen nord for sagbruket.



FIGUR 1 VISER PLANAREALET I BØFJORDEN I SURNADAL KOMMUNE



FIGUR 2 VISER NÆROMRÅDET TIL PLANEN

1.1 PLANOMRÅDET I DAG, EKSISTERANDE INFRASTRUKTUR

Sjå figur 2. Planområdet grensar til Settemselva i vest, Bøfjorden/Bøsundet i sør, og fylkesveg 331 (Bølandsvegen) mot aust. Nord for planarealet ligg ein einestad.

Bøfjorden Sag AS var etablert i 1997 og har 13 tilsette. Sagbruket har komplett foredlingsanlegg, med saglinje, tørking, tørrkløyving, høvling og skavelinje for takås-produksjon. Sagbruket leverer hovudsakleg lafteplank og takåsar, men også nisjeprodukt som ikkje er tilgjengelege i standard trelast-sortiment, som til dømes tredekk til offshoreindustrien.



FIGUR 3, BØFJORDEN SAG AS SETT FRÅ NORD (KJELDE: GOOGLE)




FIGUR 4, BØFJORDEN SAG AS SETT FRÅ SØR (KJELDE: GOOGLE)


Det går høgspenstkabel i grunnen over sagbrukstomta, som og er tilknytt offentleg vatn og avløp. Det går ein kommunal avlaupsleidning over tomta, som kryssar Settemselva i retning campingplassen og fjorden.

På motsett side av Settemselva ligg Elvaneset Camping, med om lag 25 plassar for campingvogner og tilhøyrande spikartelt. Der er det og kafé, molo med båtplassar mm. Aust for fylkesvegen ligg eit næringsareal ned mot fjorden, og eit gardstun. Nord for sagbruket ligg det ein einebustad. Bøfjorden Barnehage ligg omlag 200 meter aust for sagbruket. Innanfor ein radius på ca. 500 meter frå sagbruket ligg det om lag 10-15 bustadar.

1.2 GJELDANDE PLANAR




FIGUR 5 VISER REGULERINGSPLAN FOR CAMPINGPLASSEN



FIGUR 6 VISER REGULERINGSPLANEN AUST FOR FV.

Planområdet inngår ikkje i reguleringsplan i dag, men ligg nær 3 eksisterande reguleringsplanar. På nordsida av Settemselva er strandsona og elvekanten regulert til *friområde* i 198870044; *Settemsøra camping*, som i all hovudsak er overlappa av 20100010; *Settemsøra camping* som viser *campingplass*, og *friluftsområde* langs elva og fjorden (sjå figur 5). I reguleringsplan 20040136; *Settemsøran, endring av Sandstad utleiehytter*, er det vist *industriområde* mot fjorden, areal for *fritidsbustader*, ein *park*, og eit mindre *landbruksareal* (sjå figur 6).



FIGUR 7 VISER GJELDANDE KOMMUNEPLAN

Sjå figur 7. I gjeldande arealdel av kommuneplanen (20180000 *Surnadal kommuneplan*) er arealet som no skal regulerast i hovudsak vist som *næringsbygg*. Men den planlagde utvidinga mot nord ligg på areal som er avsett til *bustadar*. Arealet mellom sagbruket og Settemselva er vist som *LNF-område*. Dei nærliggande regulerings-planane er i hovudsak vidareførte, og viste med samsvarande formål i Kommuneplanen. -Bortsett frå at landbruks-arealet og parken i 20040136, er vist som *bustadområde* og *offentleg eller privat tenesteyting* i kommune-planen.

1.3 FØRINGAR FRÅ OPPSTARTMØTET

Kommunen stiller seg positive til at Bøfjorden Sag AS ønskjer å utvide industriområdet nordover, for å gje plass til lagerbygg og administrasjonsbygg, samt fylla ut i stranda og etablere ny avkøyrsløse til området. Kommunen ønskjer at utløpet av Settemselva vert urørt, men er positive til at elvekanten vert sikra. Vidare ber kommunen om at følgjande får særleg fokus i planprosessen:

- Støy og nabobygningar, det bør settast av grøntareal, og eventuelt støyskjermast mellom sagbruket og bustaden i nord.
- Trafikkforhold, plassering og tryggleik i ny avkøyrsløse og trygg avstand til nabotomta i nord. Vurdere å stenge gammal avkøyrsløse dersom det kjem ei ny.
- Grunnforhold i strandsona dersom arealet skal fyllast ut.
- Naturmangfald, -særskilt mot elva, og krav til utforming av eventuell elvesikring.
- Avklare byggehøgder og utnytting på tomte.

1.4 PLANEN SITT FORHOLD TIL FORSKRIFT OM KONSEKVENSANALYSE

Vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader, var synleggjort i planinitiativet (vedlegg 4). Kommunen og tiltakshavar var samde om at planen ikkje utløyste krav om planprogram/melding eller konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova § 4-1 og 4-2. Ingen av innspela til planarbeidet drog denne konklusjonen i tvil.

Etter at planinitiativet var utarbeida, og melding om oppstart av planarbeid var utsendt, er også planarealet redusert. Det er til dømes ikkje vist fylling i strandsona i det endelege planforslaget, og planen viser ikkje tiltak/endingar i elveløpet til Settemselva.

1.5 PROSESS OG MEDVERKNAD

- Planinitiativ vart levert til kommunen 14. juli 2022, og det var arrangert oppstartsmøte 13. september. Møtoreferatet er vist i vedlegg 3.
- 18. november 2022 vart det sendt ut oppstartvarsel (sjå vedlegg 4) til relevante instansar og naboar. Planarbeidet vart også annonsert i avisa Driva, og på kommunen si heimeside.

- 3. mars 2023 hadde tiltakshavar og plankonsulent møte og synfaring på sagbruket ilag med kommunen. Målet med møtet var å finne «gode nok» løysingar på eit mindre areal, sidan fyllinga i strandsona og utfylling mot elva medfører for store kostnader til utgreiingar og opparbeiding. Vi såg også på plassering av ei mindre fylling i retning elva, med mål om å utvide næringsarealet på eit punkt som har «svang» inn på området i dag.

2. UTGREIINGAR OG LØYSINGAR I PLANEN

I dette kapittelet drøfter vi løysingar for planen, basert på tiltakshavar sine ønskjer, føringar frå kommunen, innspel til planarbeidet og utgreiingar. Kapitla konkluderer med beste løysing, og eventuelle føresegner til planen.

2.1 KONKLUSJONAR FRÅ ROS-ANALYSEN

I ROS-analysen (Vedlegg 1) er det vurdert om planen kan medføre endringar i risiko- og sårbarheitsforhold. ROS-analysen konkluderte med at følgjande båtande tiltak skal innlemmast i reguleringsplanen:

- Det er havnivåstiging og stormflo som er dimensjonerande for faresone (flaum) i planen. På reguleringskartet skal faresone for flaum ha utstrekning tilsvarande datasettet til Statens kartverk (havnivå) frå 2018, med 200-års intervall.
- I føresegnene skal det stillast krav om sikker byggehøgde avhengig av tryggleiksklasse (jf. Tek §7-2) innanfor faresona, i samsvar med krava i KPA.

Generelle føresegner til heile planområdet:

- Det bør stillast krav om vask og desinfisering av anleggsutstyr før anleggsarbeidet startar.
- Skulle det under bygge- og/eller anleggsarbeid innanfor plangrensa kome frem gjenstandar eller andre spor som viser eldre aktivitet i området, må arbeida stoppast, og melding sendast til fylkeskommunen omgåande, jf. Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne § 8 andre ledd.

2.1 KULTURMINNEREGISTRERINGAR

Fylkeskommunen gjennomførde kulturminneregistrering i april 2023, utan at det vart gjort funn av freda kulturminne, sjå vedlegg 6.

2.2 SITUASJONSPLAN FOR FRAMTIDIG DRIFT AV SAGBRUKET

Bøfjorden Sag AS har auka produksjonen ved verksemda siste åra. I dag lagrar dei opp mot 12 000 m³ med materialar inne på tomta i tillegg til produksjonsutstyr, og det har blitt liten plass å omrø seg på.





FIGUR 8:FOTO FRÅ SAGBRUKET VISER AT DET ER FOR LITE AREAL TIL MATERIALAR OG UTSTYR PÅ NÆRINGSAREALET.

Dette har medført behov for eit nytt lagerbygg, eit større administrasjonsbygg og auka lagringskapasitet på tomta generelt. Plassmangelen fører og til logistikkproblem til/frå sagbruket, -og inne på sagbruket. For å få utvida næringsarealet har verksemda kjøpt eigedomen som ligg like nord for sagbruket. Denne har eit areal på om lag 4,2 Daa på vestsida av fylkesvegen, og 1,5 Daa på austsida av fylkesvegen.

Verksemda vurderer å etablere ei ny sag-linje dersom auken i produksjonen held fram. Situasjonsplanen (vedlegg 2), viser planlagd arealdisponering, som ligg til grunn for løysingane i reguleringsplanen. Løysingane i situasjonsplanen er også drøfta i seinare kapittel, men vi går gjennom hovudpunkta her.

Avkøyrsla mot fylkesvegen i sør er flytta om lag 40 meter sørover, og det er vist ny avkøyrsla til og frå området på det utvida arealet i nord.

Den sørlege delen av situasjonsplanen viser strukturering av eksisterande uteområde ved sagbruket, og plass til ei eventuell ny framtidig saglinje (med stipla strek).

Råvarer/tømmer kjem inn på området frå avkøyrsla i sør, vert stegvis foredla mot nord på tomta, og går ut til kunde frå den nordlegaste avkøyrsla. Tømmerstokkar (inn på området) og ferdige materialar som skal fraktast til kunde, går med tømmerbilar. Det er vist ein veg for tømmerbilar i utkanten av næringsarealet. Mellom dei to avkøyrslene frå fylkesvegen er det vist losse/lasteplass sentralt på området, -og nær ferdiglageret lengst nord. Oversiktleg, «strak» veg mellom avkøyrslene vil bidra til betre framkomst for dei største tømmerbilane, som slepp å navigere inne mellom bygga. Inne på området vert materialar frakta med truck. På utvidinga av næringsarealet (nord på situasjonsplanen) er det vist eit nytt kontorbygg og parkering for tilsette, samt eit ferdiglager ved lasteplassen for tømmerbilar.



FIGUR 9: SITUASJONSPLAN FOR NÆRINGSAREALET

Mot einbustaden i nord er det vist gjerde i eigedomsgrensa, som skal skjerme mot innsyn og støy.

Arealet aust for fylkesvegen, ved avkjøyrsla til Steinholmlia, ligg for langt frå produksjonslinja til at det vil inngå i ordinær produksjon, og teigen er så smal at det er vanskeleg å etablere bygg med akseptabel tilkomst der. Men verksemda har tidvis behov for ekstra, midlertidig lagerplass, og dette arealet representerer ein «lagerbuffer» i periodar med mykje materialar inne på sagbrukstomta. Det er vist ny avkjøyrsla frå den kommunale vegen til dette ekstra lagerarealet, og gjerde rundt teigen.

Det er planlagt gjerde rundt kontor- og sørvisbygg, som avgrensar industriområdet frå vegen og grannen. Situasjonsplanen viser og eit areal for ein støttemur/plastra skråning for å få jamna ut eit søkk som skjer seg inn i næringsarealet, og for å stabilisere ytterkanten av næringsarealet. Dette, og andre detaljar i situasjonsplanen er nærare omtalt i eit seinare kapittel.

I offentlege kart er det vist eit Sefrak-registrert naust innanfor planområdet, men bygget er fjerna for fleire år sidan.

2.3 VEGETASJONSBELTE LANGS SETTEMSELVA, OG ANDRE NATURVERDIAR

NVE m. fl. har peika på Vassressurslova i sitt innspel til planen, og kravet om vegetasjonsbelte langs vassdrag, sidan dette motverker avrenning/utgraving, -og fungerer som levestad for plantar og dyr. Møre og Romsdal fylkeskommune minner om *Regional vassforvaltingsplan 2022–2027 Møre og Romsdal vassregion*, i innspel til planarbeidet. -Og minner om at reguleringsplanen ikkje skal medføre at tilstanden til vassførekomsten vert forverra, eller hindre at tilstandsmåla vert oppnådde. Hovudutfordringane i vassregionen er oppgitt (i vassforvaltningsplanen) å vere vasskraft, fiskeri og akvakultur, jordbruk, avløp og urban utvikling. Det er òg utfordringar knytt til fysiske inngrep i vassførekomst, som bekkelukking og endring av elveløp mv.

Settemselva er registrert som lakseførande i ei (ikkje datert) registrering som kjem opp i GisLink. Men det er opplyst at informasjonen kjem frå at «Gamle Nord-Trøndelagsdatasettet smeltet sammen med data fra Lakse registret». For aure er bestandtilstanden vurdert som god, og Åsa Fredly/Møre og Romsdal fylkeskommune har gjort funn av sjøaure i fleire årgongar i elva i februar 2022, utan at det vart funne laks.

Omlag 1 km vest for planområdet ligg eit naturreservat. *Bøfjordholmane natur-reservat* var oppretta ved kongeleg resolusjon av 28. mai 2010, som ein del av verneplan for hekkande sjøfugl i Møre og Romsdal. Det er også gjort mange registreringar av sjeldne fugleartar på brua over sundet.

Øraskjæret stikk ut vestover i fjorden frå moloen, 70 meter sør for Bøfjorden Sag AS. I innspel til planarbeidet vart det påpeika at Øraskjæret er nytta til rekreasjon og som fiskeplass av innbyggjarane i Bøfjorden. Det er ikkje oppgitt at fjøra her vert nytta som badeplass, men i FRIDA-registreringa (sjå kap. 1.5) er det oppgitt badeplassar lenger aust, i Mjølksandbukta.

Eksisterande vegetasjonsbelte langs Settemselva er viktig for biologisk mangfold, og utgjør ein landskapsøkologisk korridor, i tillegg til at vegetasjonen utgjør eit viktig landskapselement, -og ein buffer mellom sagbruket og campingplassen/fjorden. Dette området har ikkje stor verdi med tanke på rekreasjon, sidan det er vanskeleg tilgjengeleg. Som det går fram av fig. 12 og 13 har det etablert seg store bjørker og litt yngre lauvskog på elvekanten nord for sagbruket, og ned på delar av «platået». Utstrekninga til vegetasjonen samsvarar godt med arealet som er «grønfarga vegetasjon» på figur 10. I skråninga opp mot sagbruket er det og enkelte mindre bjørker, men mest gråor og busker eller små lauvtre. Skogbeltet vest for sagbrukstomta har breidde på mellom 0 og 16 meter per i dag.

Det er registrert hagelupin (svartelista) like nord for plangrensa, og buskhyll (svartelista) om lag 100 meter frå planområdet. Så er det også gjort fleire observasjonar av kanadagås frå moloen.

Mattilsynet ber i sitt innspel til planarbeidet om at tiltakshavar skal innhente status angående planteskadegjerarar dersom det vert flytta på matjord, slik at ikkje forureina massar vert flytta under anleggsarbeidet, men det er ikkje planlagt å frakte massar inn i planområdet.

Tiltakshavar ønskjer ikkje å gjennomføre tiltak som endrar strandsona, elveosen eller elveløpet. Situasjonsplanen viser vegetasjonsbelte der det er etablert i dag langs elva, med same utstrekning som «vegetasjon» på fig. 10. I kommuneplanen er dette arealet vist som LNF-område. Reguleringsplanen opnar opp for utviding av næringsarealet på landareal nord for sagbruket, og planen endrar ikkje vilkåra for hekkande sjøfugl, rekreasjonsinteressene, svartelista artar eller andre naturverdiar.

Løysingar i planen og føresegner:

- Reguleringsplanen viser vegetasjonsbeltet i situasjonsplanen som *naturformål (LNA)*, med føresegn som forbyr fjerning av vegetasjon eller andre inngrep innanfor formålet.
- Føresegnene stiller generelle krav for å hindre forureining i anleggsperioden.

2.4 ARRONDERING PÅ TOMTA

Ved flislageret på sagbrukstomta er det ein «svang» inn i terrenget, sjå figur 10. Det ligg flis og diverse i dette området, som har medført at genereringa av kotene i offentlege kart har blitt litt feil, men i realiteten er det eit markert søkk inn i terrenget her.



FIGUR 10 VISER AT TERRENGET HAR EIN «SVANG» INN PÅ TOMTA



FIGUR 11 VISER UTSNITT AV SITUASJONSPLANEN

Situasjonsplanen legg opp til ein samanhengande veg i utkanten av produksjonsarealet, for at store bilar skal sleppe å manøvrere inne mellom bygga. Og det er vist ein losse/lasteplass for tømmerbilar like nord for denne «svangen».

Utvidinga av næringsarealet mot nord, -der ferdiglageret er planlagd, er forma som ein liten voll opp på kote 7. Høgaste punktet på kuven ligg om lag 2 meter høgare i terrenget enn dagens næringsareal. Terrenget må senkast ned mot 4-4,5 moh, slik at industriarealet ikkje får for store høgdeforskjellar internt. Dette vil resultere i at ein har massar til å fylle opp terrenget i «svangen».

Den utbygde (eksisterande) sagbrukstomta ligg på om lag kote 3,5, og på vestsida av næringsarealet er det ei bratt skråning ned på eit «platå» like under kote 2. På denne flata er det ikkje registrert vatn siste åra (M. Bøklep), men ifølgje Statens kartverk sine utrekningar, kan stormflo gå inn over denne flata på grunn av havnivåstiging. Ros-analysen konkluderte med at det er stormflo som er dimensjonerande for flaum langs planområdet.

Tiltakshavar vil etablere ei steinfylling/plastring litt utanfor dagens skråning, og fylle opp arealet på innsida med overskotsmassane frå den nordlege delen for å jamne ut «svangen» i terrenget, -og dermed få plass til veg rundt produksjonsområdet. I tillegg er det behov for å stabilisere og forsterke eksisterande skråning, slik at skråninga ikkje rasar ut når den vert belasta. Figurane under viser foto frå platået, med utsette stikker langs planlagd ny fyllingsfot (sjå også vedlagd situasjonsplan). Stikkene på fotoa står i knekkpunkta til plastringsfoten på situasjonsplanen.



FIG. 12 ER TEKE NEDE PÅ PLATÅET, MOT NORD. STIKKE 2 ER NÆRST, OG 3 STÅR LENGRE BAK. VEGETASJONSBELTET ER VEST FOR STIKKENE.



FIG. 13 ER TEKE PÅ PLATÅET, MED SIKT SØROVER FRÅ STIKKE 2 MOT STIKKE 1

I innspel til planarbeidet er det understreka at ein må ha eit vegetasjonsbelte mellom elva og næringsarealet mellom anna med tanke på naturmangfald. Derfor er fyllinga planlagd innanfor vegetasjonsbeltet med store bjørker som ein ser på figur 12, og som er vist som naturformål i reguleringsplanen.

Som tidlegare nemnt, er det berre stormflo som kan kome inn på flata der fyllinga skal etablerast, og store steinar i botnen vil vere tilstrekkeleg fundament for lettare steinar oppover og fylling inn mot

plastringa. Skråninga er tenkt opparbeida med same helling som dagens skråning på ca. 1:2. Dagens skråning har ei høgde på om lag 2 meter, slik at den nye fyllinga vil verte omlag 4 meter brei på det breiaste.

Som det går fram av situasjonsplanen, vil avstanden mellom fyllingsfoten og elveløpet variere frå 10 til 20 meter. Utfyllinga skal ikkje røre bjørkene som har etablert seg på elvekanten.

2.4.1 Grunnforhold og stabilitet ved arrondering

Det er ikkje kjende registreringar av leireførekomstar på næringsarealet eller i nærområdet (M. Bøklep). Planarealet ligg under marin grense.

På kart ser det ut som at plastringsfoten ligg i foten på eksisterande skråningsfot, men offisielle kart er litt feil i skråninga, og dagens skråning ligg i realiteten lenger inn mot sagbrukstomta enn karta viser.

Arealet til 6-meters kote er på 900 m², og behovet for fyllingsmassar mot plastringa er på ca. 1 Daa. Senking av terrenget nord på tomta (1,5 meter ned) vil då grovt sett medføre 1 350 m³ med lausmassar, og fyllinga mot plastringa vil medføre behov for same massane (2 meter opp, men kileforma). Jordtrykket vert då litt mindre enn før, i og med at det vert fordelt ut over eit større areal.

Det nye lageret nord på tomta er tenkt plassert med ein avstand på 9 - 22 meter frå toppen på plastringa. Avstanden til elveløpet er 22 til 27 meter.

NVE sin vegleiar *Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng, utredning av skredfare i reguleringsplan og byggesak (2020)* listar ei prosedyre for utgreiing av områdeskredfare (tabell 3.1), der del 1 er innleiande vurderingar for å avgrense eventuelle aktsemdområde.

Trinn 1 i prosedyren går ut på å undersøkje om det finst registrerte faresone i, eller nær området: NVE sitt temakart *kvikkleire*, viser ikkje registrerte fareområde i, eller nær planarealet, men området inngår i aktsemd-sone med blå skravur, som indikerer at området *kan* ha samanhengande førekomstar av marin leire.

Trinn 2 i prosedyren omhandlar avgrensing av område med mogleg marin leire. Det er opna for å vise alt areal under marin grense som aktsemdsone. NVE si tidlegare nemnde aktsemdsone dekker heile planområdet. Det er fjell i dagen ved brua over Settemselva (ca. 100 meter frå plangrensa).

I punkt 3 i prosedyren, skal ein avgrense terreng som kan vere utsett for områdeskredfare. Her delar NVE områda i 1) løyse-område, og 2) utløpsområde. Terreng som kan inngå i løyse-område for skred er definert slik:

- a) skråningar som er over 5 meter høge, eller
- b) jamt hellande terreng som er brattare enn 1:20, og med høgdeforskjell på over 5 meter

og terreng som kan inngå i utløpsområde er definert ut i frå «treff» frå første delen (a eller b), eller eventuelt basert på tidlegare kartlagde utløpssone som vist i NVE sine kart.

Planarealet har ei markert skråning ned på plataet langs Settemselva, men den er ikkje meir enn 2-3 meter høg langs planarealet, eller lenger oppe mot brua. Brua over Settemselva er fundamentert på fjell. I følge M. Bøklep er det elva-aur, stein og fjell i grunnen mellom sagbruket og barnehagen/bustadfeltet, noko som utelukkar områdeskred frå terrenget nord/aust for sagbruket.

Med bakgrunn i drøftingane over kan ein konkludere med at planarealet ikkje inngår i utløpsområde, løysneområde eller er utsett med tanke på områdeskredfare.

Løysingar i planen og føresegner:

- Plankartet viser areal for plastring (*anna særskilt anlegg, BAS*) med utstrekning som på situasjonsplanen, og føresegn om at etablering av fyllinga ikkje skal skade vegetasjonsbeltet langs elva.

- Føresegn om at vegetasjonsmassane skal mellomlagrast, og leggest på plastringa av skråninga slik at det etablerer seg vegetasjon der.

2.5 BYGGEGRENSER OG UTNYTTING AV AREALET

I Rammepplan for avkøyrsler og differensierte byggegrenser (Møre og Romsdal fylkeskommune 2021) har vegen haldningsklasse 4 (Lite streng), med byggegrense på 20 meter frå senterlinje. Men verksemda har fått innvilga dispensasjon frå dette kravet i 2015 (15/213391-2), og aksept for at gjerdet langs tomta kan stå inntil 3 meter frå senterlinja. På arealet nord/aust for fv er det vist 15 meter mellom senterlinja til fv, og byggegrensa i 20040136; *Settemjørnan, endring av Sandstad utleiehytter*.

Eksisterande gjerde står om lag 5 meter frå senterlinja. Gjerdet er 1,5-2 meter høgt, og med litt sprik mellom borda slik at ein kan sjå rørsler /bilar gjennom gjerdet.

Sagbruket har hatt same lokalitet sidan 90-talet, utan at avrenning og/eller brøytekanter har medført problem langs fylkesvegen og gjerdet. Det er lite snø i Bøfjorden, og det er forventa mindre snø i åra som kjem på grunn av klimaendringane (Norsk klimasenter: Klimaprofil Møre og Romsdal). Det er forventa større nedbørsmengder, -og med større intensitet, men ROS-analysen dokumenterer at tomte ikkje er utsett med tanke på overvatn frå regn, eller flaum i Settemselva.

Fylkeskommunen har peika på at det bør vere 20 meter til byggegrense i innspelet til planarbeidet. Men verksemda har behov for å utnytte arealet inn mot gjerdet, og det er fornuftig å vidareføre dagens avstand, med gjerde 5 meter frå senterlinje (fv) også på det utvida næringsarealet. Eigedom som er kjøpt og skal utgjere utviding av sagbruket strekkjer seg om lag 90 meter nordover frå enden på eksisterande gjerde. Siktforholda langs fylkesvegen er svært gode med strak veg. Verksemda har stort behov for areal, og alternativet er å fylle ut meir mot elva eller i fjorden. Bøfjorden Sag AS trur dei kan klare seg lenge med arealet som vist i planen, dersom dei får nytta heile arealet som vist i situasjonsplanen.

På situasjonsplanen er nytt lagerbygg plassert med same avstanden frå gjerdet som eksisterande bygg langs vegen (12-14 meter). Men tiltakshavar ønskjer ikkje å låse plasseringa av bygga i reguleringsplanen. Bøfjorden Sag AS vil at planen skal vere fleksibel, sidan verksemda kan få endra behov i framtida. -Mellom anna med tanke på ei eventuell ny produksjonslinje. Areal mellom bygga og gjerdet er litt smale med tanke på effektiv utnytting slik dei står no, -til for eksempel å lagre materialar. Men dei er gode å ha for å sette i frå seg diverse utstyr og reiskapar som også treng plass. I framtida kan det også oppstå behov for anna trasse for vegen inne på produksjonsområdet, -for eksempel at ein får behov for å køyre *gjennom* bygg for å laste/losse inne i bygg, eller anna.

Eksisterande bygg på tomte har opptil 7 meter mønehøgde. Tiltakshavar meiner at nye bygg burde ha inntil 10 meters takhøgde, dersom dei skal byggast i 2 etasjar, og/eller romme høge stablar med materialar som skal handtering med truck. Arealet aust for Fv (på gnr./bnr. 91/16) er for smalt til at det kan nyttast til produksjonsbygg. Men arealet er tenkt som midlertidig lagerareal i periodar med mangel på lagerkapasitet innanfor BKB1. Arealet kan også nyttast som parkeringsplass for tilsette i framtida.

Per i dag har verksemda ei bygningsmasse på totalt ca. 3400 m² på næringstomte. I framtida kan behovet for ombygging og nybygging verte stort.

Løysingar i planen og føresegner:

- Byggegrensa er lagd 4 meter frå bustadeigedom i nord, 5 meter frå senterlinja på fylkesvegen, og langs middelflo/formålsgrense rundt produksjonsarealet.
- Føresegnene set maksimal mønehøgde til 10 meter, og maks m² -BYA til 13 000 m²
- Det skal etablerast skjermende gjerde mellom industriområdet og einestaden i nord, samt mellom industriområdet og fylkesvegen.
- Næringsareala skal visast som *industri/kontor/lager-areal* utan å låse vegar og plassering av bygg.

2.6 TRAFIKKTRYGGLEIK OG AVKØYRSLER

Fylkesveg 33, Bølandsvegen (fv.) har ÅDT på 140 køyretøy (2021), og fartsgrense 60 km/t. Fv endar opp omlag 5 km sør for planområdet, på Bøkleppen, og det er spreidd busetnad også sør for Bøsundet. I Bøfjorden er det om lag 300 fastbuande og 120 fritidsbustadar i følgje www.Boffjorden.net. Det er daglegvarebutikk om lag 1 km sør for sagbruket, og venteleg nokre mjuke trafikantar som passerer sagbruket på veg til og frå butikken. Skuleborna i bygda tek buss til Bæverfjord Oppvekstsenter.

Fv er rett, med gode siktforhold forbi sagbruket. Det er busslomme med lysmast like nord for planarealet, ved avkøyrsla som leiar til barnehagen i Skulebakken, og mot Steinholmlia (hyttefelt). På nord-aust sida av fv er det og ei avkøyrsla til næringsarealet på austsida av vegen, og ei gardsavkøyrsla litt nord for det nemnde næringsarealet.

Trafikken til og frå verksemda går på fv, via fylkesveg 330 mot Settemsdalen, der den kjem inn på Åsskardsvegen (fv. 65). Renovasjonsdunk og postkasse står ved avkøyrsla midt på tomta i dag. Per i dag er det 2 avkøyrslar inn på næringsarealet, i tillegg til ei som går mot utvidinga av næringsarealet i nord. Det er gode siktforhold langs fylkesvegen forbi tomta, sjå figur 3 og 4.

Drifta ved sagbruket resulterer i om lag 2 bilar (tungtransport) ut og inn av verksemda kvar dag, og sjølv med auka produksjon, så resulterer det i maksimalt 4-6 daglege inn- og utkøyrringar for tungtrafikk til sagbruket. Det er om lag 15 tilsette, som køyrer til og frå tomta dagleg, og nokre få besøkande.



FIGUR 14 VISER EKSISTERANDE AVKØYRSLE TIL SAGBRUKET, OG INN PÅ NÆRINGSAREALET AUST FOR VEGEN.

2.6.1 Plassering og utforming av avkøyrslene

På situasjonsplanen er det vist to avkøyrslar til sagbruket, med 160 meter mellom. Så er det minimum 50 meter til næraste nye avkøyrsla (frå sagbruket) til bustad i aust, og 60 meter til avkøyrsla mot barnehagen.

Den nye avkøyrsla i nord er plassert der avkøyrsla til det gamle tunet var, og der kontorbygget er planlagt. Då kan besøkande og tilsette køyre rett inn til administrasjonsbygget og parkeringsplassen, og ein minimaliserer trafikk av personbilar på produksjonsområdet. Avkøyrsla er plassert så langt sør at frisktsona ikkje kjem inn på naboeigedomen i nord. Den sørlege avkøyrsla er flytta lengst mogeleg sør, for å få vegen på næringsarealet i utkanten av produksjonsområdet. Dei to eksisterande avkøyrslene til sagbruket skal stengast.

På teigen aust for fv (midlertidig lagerareal) er det vist ei avkøyrsla over eksisterande utviding langs den kommunale vegen.

Statens vegvesen sin vegnormal N100 stiller krav til avkøyrslar frå offentleg veg, og tilvisingar i teksten under her, viser til kapittel og figurar i N100.

Med så stor del tungtrafikk, skal avkøyrsla ha hjørneavrunding på $R=9$ m (kap. 4.1.4.1), men tømmerbilar har ikkje så god svingradius, og det er ønskjeleg med større radius, for å sleppe å ha så brei veg. Derfor er avkøyrslene viste med $R=12,5$ m. I N100 er det og stilt krav til vertikalgeometri og vinkling på krysset som er uproblematisk i og med at tomta og fv ligg på same høgde.

2.6.2 Trafikktryggleik

Frisikt i avkøyrslar skal vere 6 m (L2) x 65 m (L1) i følgje tabellane 4.1.1.6-2 når det er 60 km/t fartsgrense på L1-veg (Tb. 3.3-3). I dispensasjonsvedtaket frå 2015 (angående plassering av gjerdet) har Statens vegvesen stilt krav om frisikt på 4 x 70 meter. For den kommunale vegen mot barnehagen, er det regulert frisikt i eldre reguleringsplan på 10 x 80 meter.

Det er ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesvegen, men som nemnt er det oversiktlege forhold, og lite trafikk. Mjuke trafikantar er ikkje særskilt utsett i 60-sona på så oversiktlege veg. Utvidinga av næringsarealet vil ikkje resultere i merkbar trafikkauke i Bøfjorden. Avkøyrsla til lagerarealet i nord/aust tek av frå kommunal veg, med endå mindre trafikk, men det er vegen til barnehagen.

Planen viser frisiktsoner på 6 x 65 meter, og gjerdet langs tomte er trekt bak, slik at det ikkje kjem i konflikt med frisiktsonene.

Løysingar i planen og føresegner:

- Renovasjonsdunk og postkasse skal flyttast til den nordlege avkøyrsla
- Gjerdet er trekt tilbake i frisiktsonene ved avkøyrslene
- Rekkjefølgjekrav om at eksisterande avkøyrslar skal stengast
- Radius i avkøyrslene skal vere 12,5 m
- Planen viser frisikt på 6 m x 65 m mot fv, og 4 m x 45 m i Steinholmlia/Skulebakken. Føresegnene skal forby sikthinder i sonene.
- Arealet mellom eksisterande vegareal og næringsareala, samt frisiktsoner skal visast som *anna vegareal* (offentleg formål) i planen.

2.7 PARKERING

Arealet mellom sagbruksbygget og gjerdet langs fylkesvegen fungerer som parkeringsplass for tilsette og besøkande i dag. Det er plass til om lag 20 bilar her. Situasjonsplanen viser ny avkøyrslar lenger nord på tomte, og parkering mellom nytt administrasjonsbygg og gjerdet langs fylkesvegen, med 15 plassar på 5 m x 2,5 m. Tiltakshavar ønskjer ikkje å regulere plassane, sidan det er framtidsretta å ha ein fleksibel plan.

Løysingar i planen og føresegner:

Føresegnene stiller krav om at næringsarealet skal ha minimum 15 parkeringsplassar for tilsette og besøkande.


2.8 STØY

Klima og miljødepartementet si *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)* stiller krav til støy og støvforhold, -også ved utviding og/eller endring av eksisterande industrianlegg. Sagbruket generere ikkje lågfrekvent støy, eller metallisk impulsstøy. T-1442, tabell 2 angir grenseverdien (L_{den}) på 55 dB for støy frå industrianlegg med drift i ordinær arbeidstid (ikkje kveld/helg), når støyen er utan impulslyd. Uteområda ved barnehagen er *følsomme* områder jamfør T-1442, men det er ingen *stille områder* (jfr. Tabell 3) i nærleiken.

Verksemda har vore drifta sidan 90-talet, utan å få klager på grunn av støy. Støyande produksjon (sag, høvling) går føre seg i bygg med tett kledning lengst sør på tomte. Trafikken internt på området (flytting av trevirke) skjer med truck.

Det er eit gjerde kring tomte som også skjermar litt for lyd. I dag er det vegetasjon mellom sagbruket og bustaden i nord. Dei planlagde bygga på utvidinga av sagbruket vil skjerme naboane i nord betre enn dagens vegetasjon.

Det er om lag 200 meter til barnehagen og næraste bustadane aust for sagbruket, og det er ein del vegetasjon mellom, sjå figur 16. Det ligg eit tun med bustadar rett over for sagbruket, i ein avstand på ca. 55 frå bygget med sag/høvel. Her er det også ein del vegetasjon og eit uthus som skjermar bustaden for støy, sjå figur 15.



FIGUR 15 VISER AT DET ER MYKJE VEGETASJON MELLOM SAGBRUKET OG BARNEHAGEN OG BUSTADANE MOT NORD

Mot campingplassen er det og litt busker på kanten av industritomta. I føresegnene er det stilt krav om at det skal leggest lausmassar på støttemuren mot vest, slik at det vil etablere seg ny populasjon av gråor og anna lauvskog der på sikt. Det er lite folk på campingplassen i driftstida til sagbruket.



FIGUR 16 VISER VEGETASJON (SETT FRÅ SØR) MELLOM SAGBRUKET OG BARNEHAGEN /BUSTADANE I NORD/AUST.

Det er ikkje gjort støyberekningar for sagbruket i samband med reguleringsplanen, fordi endringa i støyforholda er uvesentleg. Utvidinga av sagbrukstomta medfører ikkje *auka* støy frå verksemda. Men auka produksjon kan medføre lenger periodar med driftsstøy i framtida.

2.9 LANDSKAP OG ESTETIKK, TILPASSING TIL EKSISTERANDE ARKITEKTUR

Bygg nær planarealet er gardstun, einbustadar og uthus av eldre type. Det er ein del vegetasjon kring sagbruket mot nord og vest, men god innsikt frå sør (fjorden).



FIGUR 17 VISER FLEIRE AV BYGGA PÅ SAGBRUKET.

Eksisterande bygg på tomta har saltak, rektangulær, tradisjonell utforming, med moderate høgder. Fasadane har lik kledning og farge og glir godt inn i bygningsmiljøet i Bøfjorden. Det er stilt krav til byggehøgder og vegetasjonsbelte mot nord i tidlegare kapittel. Fargebruk, materialbruk og former på bygga bør vidareførast i størst mogeleg grad.

Løysingar i planen og føresegner:


- Føresegn om at ny bygg skal ha tilsvarande overflater/kledning som eksisterande.

2.10 AVGRENSING AV PLANEN, EIGEDOMAR OG AREALDISPONERINGAR

Planarealet består av fleire teigar med gnr./bnr. som vist på figur. Bøfjorden Sag AS har kjøpt/inngått avtale med grannane om å kjøpe (/regulere) areal som inngår i planen, bortsett frå fylkesvegen og den kommunale veggen. Planen er avgrensa mot middelflo mot sør og elvekanten mot vest. I nord går plangrensa langs eigedomsgrensa til naboen (gnr./bnr. 91/19), Langs fylkesvegen og den kommunale veggen er planen avgrensa mot plangrensa i 20040136; *Settemsøran, endring av Sandstad utleiehytter* der den nye planen ikkje overlappar. -Og vegbreidder og anna vegareal er vist (i ny plan) med same breidde som i planen frå 2004.

Planformål	Feltnamn	Areal, m ²
Renovasjonsanlegg	BRE	12
Støttemur	BAS	249
Industri/lager	BKB 1	23 962
Kontor/lager	BKB 2	1 625
Veg	o_SV 1 og 2	1 198
Anna veggrunn	O_SVG 1-5	1 224
Naturformål	LNA	2 461
Naturområde	VNS	1 634
Totalt		32 365

FIGUR 18: AREALDISPONERINGA I PLANEN



FIGUR 19 VISER GNR./BNR. TEIGAR SOM INNGÅR I PLANEN

3. VERKNADANE AV PLANEN

3.1 VERKNADANE FOR NABOAR

Planen legg til rette for bygningsmasse nærare naboen i nord enn før. Byggegrensa i planen er vist 4 meter frå eigedomsgrensa til grannen, og føresegnene stiller krav om gjerde mot naboen. I tillegg skal terrenget senkast i nord, slik at bygg nær eigedomsgrensa i nord vert mindre dominerande.

3.2 BORN OG UNGE

Strandsona i Bøfjorden (generelt) er Frida-registrert, men det er Mjølksandbukta som ligg 700 meter aust for sagbruket som er mest brukt til bading og rekreasjon. I innspel til planarbeidet vart Øraskjæret (sør for sagbruket) utpeika som ein viktig fiskeplass. Utvidinga mot sør er ikkje lenger aktuell, og rekreasjonsverdiane er ikkje reduserte på grunn av planen.

3.3 LANDBRUK

Utvidinga av næringsarealet mot nord omhandlar areal som er oppdyrka ved eit gardstun, og noko gjenvakse areal. Heile utvidinga nordover er på om lag 4 400 m², og truleg er alt dyrkbart. Sagbruket har behov for ytterlegare areal, og det er mindre ulempe med å bygge ned dyrkbar jord, enn å utvide i fjorden, eller mot elva.

3.4 KLIMA OG MILJØ

Satsing på skogbruk og auka bruk av treverk er ei klima- og miljøatsing for styresmaktene, sidan skog bind CO₂, og sidan treverk er eit miljøvennleg materiale utan giftstoff. Mellom anna har Nærings og

fiskeridepartementet lansert *Veikart for grønt industriløft* i juni 2022, og der er skog- og tre-næringa (og annan bioøkonomi) eitt av seks satsingsområde

<p>Møre og Romsdal Fylkeskommune har saman med landbruksnæring og -forvaltning i fylket laga Fylkesstrategi for landbruket.pdf. Grunnlaget for strategien vart lagt i tre digitale verkstader i mai og juni 2021. Der deltok tillitsvalde i landbruksorganisasjonane, tilsette i landbruksforvaltninga, politikarar og representantar for ulike interesseorganisasjonar. Føremålet med strategien er å gje retning for utviklinga av landbruket på eit regionalt nivå og bidra til å styrke landbruksnæringa. Fylkestinget vedtok strategien i desember.</p>	<p>Bruk av tre</p> <p>Tre er eit fornybart og klimavennleg råstoff som blir stadig meir etterspurd. Det er eit mål å auke bruken av tre til å erstatte meir klimaskadelege material.</p>
--	---

FIG. 20, UTSNITT FRÅ FYLKESKOMMUNEN SI HEIMESIDE

FIG. 21, UTSNITT FRÅ REGJERINGA SI HEIMESIDE

Auka produksjon ved sagbruket i Bøfjorden er eit bidrag til auka skognæring i regionen. Lokale sagbruk medfører mindre frakt i skogsdrifta.

ROS-analysen dokumenterer at planområdet ikkje er utsett med tanke på overvatn, styrtregn og klimaendringar.

3.5 BIOLOGISK MANGFALD OG NATURVERDIAR

Settemselva har sikker bestand av aure, og mogeleg bestand av laks. Kantsona til elva er viktig for biologisk mangfald, og nærområdet til elva utgjer ein landskapsøkologisk korridor, og eit viktig laselement i Bøfjorden. Planen «vernar» bufferen mellom sagbruket og Settemselva gjennom føresegn som forbyr inngrep i terrenget eller vegetasjonen utanfor arealet som er regulert til industri/lager. Planen legg opp til at ein «svang» i terrenget skal jamnast ut, i form av ei fylling mot plastring/støttemur. Plastringsfoten er plassert langt frå elveløpet, men i grensa til areal som er overflødt ved stormflo/havnivåstiging.

Det er ikkje registreringar av sårbare artar innanfor plangrensa, eller inntil plangrensa, bortsett frå at Settemselva er registrert som ei anadrom elv. -Med sikker bestand av sjøaure, og sannsynlegvis også lakseyngel.

3.5.1 Vurderinga av planen opp mot Naturmangfaldlova kapittel 2, §§ 8-12

Vi har vurdert planen og en realisering av den opp mot Naturmangfaldlova kapittel 2, §§ 8-12:

§8: Det er ingen registreringar av sjeldne eller uønskte artar innanfor planarealet på www.naturbase.no. Arealet er lite, tidlegare nedbygd og arrondert, og kunnskapsgrunnlaget er godt.

§9: Vi meiner kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for arealbruken.

§10: Den samla belastninga på «økosystemet» er liten. Planarealet er lite, og arealet er nedbygd/oppdyrka/gjengrodd i dag. Utbygginga kjem ikkje i konflikt med Settemselva eller vegetasjonsbeltet langs elva.

§11: Vi meiner at miljøforringelsen er ubetydeleg for dette tiltaket, sidan arealet er lite, og utbygd frå før.

§12: Prosjektet har ikkje kjende samfunnsmessige kostnader, men samsvar med mål om satsing på skogbruk og auka bruk av treverk og massivtre som byggematerial for å binde CO₂.

3.6 SAMSVAR MED KOMMUNALE, OG OVERORDNA FØRINGAR

Planen overlappar reguleringsplanen 20040136; *Settemøran, endring av Sandstad utleiehytter*, i nord og aust. Langs fv samsvarar planane, - bortsett frå at avkøyrslene er flytta. Så er det vist industri/lager på teigen i nord/aust, som tidlegare var vist som *landbruk*, og tilkomsten til denne teigen går over eit areal som er regulert til *parkeringsplass* (ved park) i den eldre planen. I eldre plan var det vist friskt på 9 x 70 meter i avkøyrsla frå, og denne er endra til 6 x 65 meter (i samsvar med ny N100) i den nye planen.

Planen er i hovudsak utarbeida i samsvar med kommunen sin arealplan, med næringsarealet i reguleringsplanen er noko utvida i forhold til arealet i kommuneplanen. Utvidinga er vist som *bustadområde* og *LNF-område* i kommuneplanen.

Det er ikkje konflikhtar mellom løysingane i planen og kommunen sine føringar som uttalt i oppstartsmøtet.

3.6.1 Planen sitt forhold til innspel

I matrisa under presenterer vi en forkorta versjon av innspela vi fekk etter varsel om oppstart av planarbeidet. I kolonne til høgre har vi kommentert planen sitt forhold til innspelet. Kopi av komplette innspel er presentert i vedlegg 5.

Innspel til planarbeidet (samandrag)	Kommentar
S-Nett, 30. november 2022: Ber om at planen tek omsyn til eksisterande låg- og høgspenkablar.	Inga konflikt
Kystverket, 05.12.2022: Har ingen merknader til planarbeidet.	
<p>Statsforvaltaren, 13.12.22: Påpeikar at kommunen ikkje har synleggjort sine vurderingar angående utfylling i stranda opp mot KU-forskrifta.</p> <p>Meiner at det er mangelfulle registreringar av naturtypar i sjø, og fugl nær elveosen. Ber om at ein undersøker undervassenger, tareskogar og blautbotnsområder i strandsona i felt, - slik at ein kan ta omsyn til eventuelle viktige naturtypar og artane som er avhengige av dei.</p> <p>Minner om at planomtalen skal synleggjere verknadane planen har på naturmangfald, og vurdere planen opp mot prinsippa i Naturmangfaldlova Kapittel 2.</p> <p>Minner om at strandsona har særskilt vern (plan og bygningslova § 1-8), og peikar på at plandokumenta må gjere greie for ålmenne interesser, og at planen og utbygginga må ta omsyn til naturverdiar og ålmenne interesser. Viser også til <i>Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning i strandsona</i>.</p> <p>Ber om at ein ser arealbruken på land og i sjøen i samanheng, og at næringsareal som har behov for tilgang til sjø vert prioritert ved utbygging i strandsona.</p> <p>Minner om at føresegnene til KPA (§1.1.5) angir 50 meter byggegrense mot vassdrag. Minner om at kantsoner langs vassdrag har viktige ålmenne interesser knytt til seg, som rekreasjon, friluftsliv, naturmangfald og landskap. Minner og om at Vassressurslova vernar kantvegetasjon, då desse er viktige leveområde for mange dyr og plantar, og sidan kantvegetasjonen reduserer avrenning, erosjon og flaumfare. Statsforvaltaren minner om at <i>Statlege planretningslinjer for klima og energiplanlegging og klimatilpassing</i> peikar på blå-grøne strukturar som ein del av tilpassinga. Ber om at planlegging av eventuelle sikringstiltak mot elva må ta utgangspunkt i ei naturbasert løysing og føreset at kantsona langs elva og utløpet</p>	<p>Utfylling i stranda er ikkje lenger aktuelt.</p> <p>Utfylling er ikkje lenger aktuelt, men det er gjort svært mange registreringar av fugl i området (Naturbase).</p> <p>Dette er drøfta i planomtala.</p> <p>Planen er avgrensa mot middelflo, og fyllinga i stranda er ikkje lenger aktuell. Naturverdiar og ålmenne interesser er vurdert i planomtala, og planen tek omsyn til desse interessene.</p> <p>Utfylling i stranda er ikkje lenger aktuelt.</p> <p>Planen omhandlar utviding av eksisterande næringsareal, som ligg ved Settemselva. Avstanden til elva er 10,5 meter på det næraste. Eksisterande vegetasjonsbelte er regulert til Naturområde (av LNFR) med føresegn som forbyr inngrep.</p>

<p>til elva vert inngrepsfri i framtida og regulert til «grønt» formål i samsvar med KPA.</p> <p>Peikar på DSB sin rettleiar (<i>Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging</i>) angående ROS-analyse.</p> <p>Peikar på at området ligg innanfor aktsemdområde for marin leire, og minner om at omsynssoner må visast i planen dersom det vert avdekka fareområder.</p> <p>Ber om at klimatilpassing vert vurdert i plandokumenta, og at <i>Klimaprofil Møre og Romsdal</i> vert lagt til grunn når planen skal synleggjere korleis ein skal legge til rette for overvasshandtering.</p> <p>Peikar på at det er registrert forureining i grunnen, og minner om at det ikkje er tillate å dele i frå, eller bygge på grunn som ikkje er sikra mot fare eller ulempe. Forureina grunn skal visast som omsynssone i planen.</p> <p>Vidare må planen avklare støyforholda, og T1442 skal leggest til grunn for planen.</p>	<p>OK</p> <p>Sjå kapittel om arrondering og stabilitet i grunnen.</p> <p>ROS-analysen omhandlar mellom anna klimaendringar.</p> <p>Det forureina arealet er eigentleg lenger sør. Arealet i nord (som feilaktig var merka med forureining) skal brukast som lagerareal ved særskilt behov for kapasitet.</p> <p>Dette er drøfta i eige kapittel.</p>
<p>Møre og Romsdal fylkeskommune, 16.12.22:</p> <p>Peikar på at planarealet i oppstartsvarselet er på 46 Daa, og at krav til KU slår inn på bruksareal over 15 000 m², jamfør KU-forskrifta vedlegg 1, pkt. 24.</p> <p>Ber om at planen (/føresegnene) angir byggehøgder og eventuelt kor mange plan ein skal ha i bygga.</p> <p>Viser til Rammeplan for avkøyrslar, som angir 20 meter byggegrense langs fylkesvegen forbi området. Ber om at planomtalen drøftar verknader på trafikktryggleik, trafikkauke, løysingar for køyretøy varetransport, kollektivtrafikk, parkering, avfallshandtering, samt tilhøva for mjuke trafikkantar og skuleborn. Planomtalen og vurderingane må omhandle heile influensområdet til planen.</p> <p>Vidare angir Fylkeskommunen kva som bør vektleggast når avkøyrslar og logistikk rundt sagbruket, og ber om at utgåande avkøyrslar vert stengde (rekkjefølgjeføresegn).</p> <p>Ber om at løysingar i plankartet og føresegnene baserer seg på krava i N100 og V121, og at planomtalen synleggjer kva som ligg til grunn for løysingane.</p> <p>Ber om at frisktsonene får eigne føresegner</p> <p>Fylkeskommunen vil ikkje akseptere tosidig utbygging som resulterer i bedriftsintern aktivitet på tvers av fylkesvegen.</p>	<p>I føresegnene er utnyttinga innanfor avgrensa til maks m² - BYA til 13 000 m²</p> <p>Talet på plan i bygga er ikkje avgrensa, men det er sett ei maksimal høgde.</p> <p>Byggegrensa er lagd 5 meter frå senterlinje, sjå kapittel om byggegrensar og utnytting. Verknader som nemnde er drøfta i planomtalen. Trafikktryggleik er drøfta i eige kapittel.</p> <p>Planen viser to nye avkøyrslar, og har rekkjefølge-føresegn ang. stenging av dei eksisterande.</p> <p>Vi ønskjer at planen legg til rette for at sagbruket kan nytte arealet ut til gjerdet, sjå kapittel om byggegrensar og utnytting. Tryggleikssoner og byggegrensar er ikkje i samsvar med føringar.</p> <p>Det er vist lagerareal nord-aust på planen. Dette arealet vil bli</p>

<p>Ber om at fylkesvegen sitt sideareal (innanfor fylkeskommunen sin grunn) vert regulert til <i>anna vegareal</i>. Og vidare at tryggleikssona til vegen vert bestemt i samsvar med N101.</p> <p>Ber vidare om at støy vert utgreia, og at plankartet viser støysoner med føresegner og eventuelle bøtande tiltak.</p> <p>Fylkeskommunen vurderer den nordlege delen av planen til å ha potensiale for funn av automatisk freda kulturminne frå bronsejernalder, og stiller derfor krav om arkeologisk registrering jamfør §9 i Kulturminnelova.</p> <p>Ber om at planomtalen synleggjer at reguleringsplanen ikkje hindrar at tilstandsmåla til vassførekomsten vert hindra, eller at tilstanden til vassførekomsten vert forverra, jamfør <i>Regional vassforvaltningsplan</i>. (https://www.vannnett.no/portal/#/waterbody/112-306-R)</p>	<p>brukt ved spesielle behov for lagerkapasitet, sidan det ligg «krøkkete» til. Arealet er ikkje brukande til bustad eller moderne landbruk sidan det er så smalt.</p> <p>Vi har vidareført vegbreidde og skulderbreidde (anna vegareal) som vist i eksisterande reguleringsplan (20040136; <i>Settemsøran, endring av Sandstad utleiehytter</i>). Sjå kapittel om byggegrenser og utnytting.</p> <p>Støyforholda vert ikkje endra. Sjå kapittel om støy.</p> <p>Registreringa er gjennomført utan at det vart gjort funn.</p> <p>Sjå kapittel om naturverdiar.</p>
<p>NVE, 16.12.2022: Ber om at flaumfare vert tema i ROS-analysen i og med nærleiken til Settemselva og fjorden/havnivå. Ber om at 200-års flaum skal visast i plankartet som H320, jamfør pbl. §12-6, med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik.</p> <p>Viser til <i>1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred</i>, og minner om at det skal gjennomførast grunnundersøking og geoteknisk prosjektering før utfylling i strandsona.</p> <p>Minner og om krava til vegetasjonsbelte i Vassressurslova, og ber om at dette vert regulert til for eksempel <i>Natur og friluftsliv</i>. Minner om at konsekvensar for ålmenne interesser skal gjerast greie for i planomtala.</p>	<p>Sjå Ros-analysen, plankart og føresegner</p> <p>Utfylling i stranda er ikkje lenger aktuelt.</p> <p>Sjå kapittel om vegetasjonsbelte og naturverdiar.</p>
<p>Mattilsynet, 19.12.22: Ber om at ein vurderer og beskriv om planen får innverknad på drikkevatt.</p> <p>Minner om at tiltakshavar skal innhente status angående planteskadegjerarar, slik at ikkje forureina massar vert flytta under anleggsarbeidet.</p>	<p>Reguleringsplanen har ikkje verknader på drikkevatt.</p> <p>Det er ikkje planlagt å flytte massar til/frå planområdet.</p>
<p>Fiskeridirektoratet, 19.12.22: Utfylling i sjøen må planleggast og gjennomførast slik at ein ikkje spreier finpartiklar eller miljøgifter og plast. Planlagde tiltak må utgreiast og gjennomførast slik at nærliggande gytefelt ikkje vert påverka negativt. Tiltaka bør</p>	<p>Utfylling i sjøen er ikkje lenger aktuelt.</p>

ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for det marine livet og organismar som lever der. Massane må leggest ut skånsamt, og ikkje i gyteperioden (januar til april) eller i dei tidlege livsfasane til yngelen (mai-juni). Fyllmassane skal ikkje innehalde bergartar med sulfid, og eventuelle sprengte massar bør vaskast før dei vert fylde i sjøen.	
NTNU Vitenskapsmuseet, 20.12.2022: Dersom planen medføre tiltak i sjøen, vil NTNU Vitenskapsmuseet krevje at det vert gjennomført marinarkeologisk bafaring , for å sikre at utbygginga ikkje skadar eventuelle freda eller verna kulturminne under vatn eller i strandsona	Utfylling i sjøen er ikkje lenger aktuelt.
Direktoratet for mineralforvaltning, 20.12.2022: Planområdet rører sand- og grusførekomsten Settem, og planomtalen bør gjere greie for verknaden på tilgangen på grusressursane. Vidare bør det drøftast om ressursen kan nyttast som byggeråstoff, og masseballanse i prosjektet og andre alternative kjelder til fyllmassar bør utgreiast.	Sjå kapittel om arrondering.
Randi Irene Bæverfjord, 22.12.2022: Er positivt til at verksemda veks og treng meir areal, men minner om at Øraskjæret (i overgangen mellom brua og moloen) er ein fiskeplass i bygda, og brukt til rekreasjon. Ho ber om at fiskeplassen skal kunne brukast av bygdefolket også i framtida.	Utfylling i sjøen er ikkje lenger aktuelt.
Statens vegvesen, 04.01.2023: Ber om at planomtalen synleggjer planen sine verknader på trafikale forhold, som køyretøy, varetransport, kollektivtrafikk, parkering, avfallshandtering og mjuke trafikantar. Rår til ei løysing med (berre) ei avkøyrsløse til næringsarealet, og påpeikar at støy må vurderast i samsvar med T-1442.	Desse problemstillingane er drøfta i planomtalen. Planen viser to avkøyrsløser, sidan dette betrar logistikken, og stor bilar kan køyre gjennom sagbruket utan å snu.
Bøfjorden historielag v/ Bernt G Bøe minner om at den gamle steinvorren (Øravorren) ligg like aust for moloen sør for sagbruket. Han peikar på viktigheita av kulturminnet, og ber om at vorren, -eller tilgangen til den ikkje vert ramma av planen.	Vorren ligg aust for Fv, og er ikkje påverka av planen.

4. SAMANDRAG

Bøfjorden sag AS manglar lagringskapasitet, og har problem med logistikken fordi det er for liten plass på tomta. Målet med planen var å legge til rette for utviding og strukturering av eksisterande industritomt i Bøfjorden. Ei planlagt utviding /fylling i fjorden er utelaten av planen etter at det vart meldt oppstart av planarbeidet, sidan innspela til planen presenterte krav om utgreiingar som ville medføre for store kostnader for verksemda. Men planen viser areal til nytt lagerbygg og kontorbygg på utvidinga i nord, og situasjonsplanen og reguleringsplanen legg opp til strukturering og meir effektiv utnytting av tomta som vil betre situasjonen for verksemda.

Fylkeskommunen har ytra ønskje om 20 meter avstand mellom fylkesvegen og byggegrensa, medan planen viser 5 meter som tidlegare akseptert av vegeigar. Det er svært viktig for sagbruket å få effektiv utnytting av næringstomt, slik at ein slepp å fylle ut i fjorden eller mot elva, sidan slike løysingar ikkje er økonomisk berekraftig for sagbruket.

Bortsett frå byggegrensa, viser drøftingane i dette dokumentet at planen kan gjennomførast i samsvar med innspel til planen.